
Vår referanse 2021/15940-4
Dato 16.07.2021

TROND LEPSØE
KIRKEVEIEN 549
3143 KJØPMANNSKJÆR

Svar - Endra bruk av avkøyrsløse - FV. 565 - gnr 499 bnr 89 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om endra bruk av avkøyrsløse for gnr 499 bnr 89 i Alver kommune, datert 21.06.2021.

Planstatus

Eigedomen ligg i område som i kommunedelplan for Radøy 2011-2023, delrevisjon 2019, er avsett til LNF-føremål og eksisterande spreidd busetnad.

Saksgang

Vestland fylkeskommune har motteke søknad om utvida bruk av avkøyrsløse. Før søknaden vert handsama etter veglova må tiltaket vera avklart etter plan- og bygningslova og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl § 19.1. Vi har og klagerett i slike saker.

Søknad om avkøyrsløse er komme inn i samband med søknad til Alver kommune om bruksendring av bedehus til bustad på eigedomen.

Vi har ikkje motteke søknad om bruksendring til uttale. Og vi ser i Alver kommune si innsynsliste at dei har avvist søknaden med grunngjevinga at den ikkje er fullstendig. Eit av punkta er at tiltaket krev utvida avkøyringsløyve frå fylkesveg 565. Eit anna er at det må søkast om dispensasjon frå byggegrensa, som og må søkast om til Vestland fylkeskommune.

Kommunen må ta stilling til søknaden om bruksendring og ta stilling til dispensasjon frå arealføremål, før vi vil behandle søknad etter veglova. Vi vil ikkje gje ein førehandsuttale, men vi kan sei at avkøyrsløse slik den er i dag ikkje kan godkjennast. Den har dårleg sikt og ikkje tilstrekkeleg svingradius, så det vil krevje ei utbetring dersom ein skal få løyve til endra bruk.

Med helsing

Linda Beate Hjelmeland
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4